

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Opland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Etneådal
 Emne: Lynging og mosing Bygdelag: Heile bygdi
 Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein Gard:
 (adresse): Bruflat G.nr. Br.nr.
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Trond Fjeld og
 Fica røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lynging har ikkje vore noko i bruk på våre kantar, det ein veit. Ingen her veit å fortelja at lyngsanking eller lyngbeiting har vore vanleg korkje som nødfor eller hjelpefor. Det er truleg at ein og annan kan ha prøvd lyng som nødfor i vårknipa, men det har i alle fall vore so lite av det, at det ikkje har vore nevande. -

Mose har vore brukt som hjelpefor på ein og annan gard og er det tildels enno. Men då folk no ikkje har so god tid som før til nödforsanking, og då det meste av gardane ligg slik til at det er for langt til mosefeltet og for mödesamt å få mosen heim, er det ikkje mykje av dette slags arbeid. Eg veit i grunnen berre ein gard, som driv mosesanking mest like so årvist som den andre onna. Det er på Nordfjeld hjå Trond. Dei har so langt ein veit attende kvar sumar vore tilfjelds og lagt saman mose, reinsmose eller kvitmose, som dei seier her.

Trond fortel: „Me har alltid brukt mose som attåttor og likar det bra. Mosen legg me saman i melonni, i slutten av juni eller fyrst i juli. Det er sjölv-sagt berre karsarbeid å leggja saman mose, og brukar aldri meir enn ein eller to dagar til det. Det er like bra å sanke mose og hausten, men då det då er so

2

mykje annasom skal gjørast , blir det liten tid til slikt ekstraarbeid. Mosen lyt helst sankast i våtvær eller etter at det er kome lidt regn, då er han lettast å flekkja opp, og før, då me berre brukte hendene til dette arbeid , vart ein fort sår på fingrane om det var tørrvær. No brukar me helst ei vanleg gjødselgreip, og det er både betre og raskare. Mosen ber me saman enten med armene, eller med greipi og legg den i store haugar, helst noko større enn ei vanleg høysåte. Me legg ikkje noko underlag under, men set haugen helst på eit svaberg. Då blir den lett å ta att om vinteren.

Me dekker ikkje haugen til med noko, eller ikkje trengst noko merkje for haugen, t.d. leggja den kring eit tre. Det er elles til vanleg heller ikkje noko tre, der det er mose. Ei steinhelle el er eit par s einar legg me gjerne på haugane for vindens skuld.

Når tid me kövrer den tilgards? Helst før jul, før det er kome so mykje snö, at det blir uråd å bröite. Til å frakte på brukar me ein vanleg høyslede med grindar på, og legg den enten i höylöa attmed flöset eller på låvegolvvet. Blanda med agner, hakkels eller hömo eller avfalslavv blir det ein framifrå sörpemat, og det er på den vis me til vanleg brukar den.

Både storfe og småfe, sauer og geiter, får mose , og det likar den godt. Om den har verdi som mjölkefor? apsolut, me reknar den i verdi jamngod med godt höv. Men det ser helst ut til at det snart blir slutt med mosehenting. Reinen et han opp. Reinen åt reinselskapi i Valdreskjem hitover fjellet, og det greier å finna han til alle årsens tider, skal eg tru, og desutan tar det lang tid-sju år, brukte far å si, för ennⁱⁿ kan koma att på same staden og finne mose

3
der det er sanka mose för. og det stemmer nok det," set
er Trond Fjeld.-

Matmose, grisemose, Islandsrose kallar dei han og, har
lite eller inkle vore nytta her för. Men under siste
kris var det mange som var tilskogs etter den. Den
vart då plukka i sekk. 6-oren heim og kokt til graut,
helst saman med litt mjöl. Dei rekna den som eit ganske
bra hjelpefor til grisemat.

Skjeggelav av grantrær har ein også döne på ha vore
nytta her i bygden som nödfor i vårknipa. Men ein har
aldri hövrt at trær har vore nedhogne berre for la-
vets skuld. Det har helst vore, når det har vore tim-
merhogst at somme kan ha plukka noko og bore med heim.

1788

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING